



REGNBOGEN
NATUR- OG KULTURBARNEHAGE

ÅRSPLAN 2019-2020



Satsingsområda i Regnbogen- Natur og Kulturbarnehage 2019 - 2020

Borna i Regnbogen elskar å rydda bos ute i naturen! Dei er supergode miljøagentar og er flinke til å plukka opp alt som ikkje høyrer heime i naturen. Dei eldste borna går på pantetur, kastar glas og metall i containeren og er med å sortera bos i kvardagen. Me arbeider aktivt saman med borna på å verta gode på å ta vare på naturen. Det betyr også å laga mat til fuglane, planta blomar som humla likar og laga humlehotell og fuglekasser. Me har vore Miljøfyrtårnbedrift sidan 2012 og har **miljømål** for kvar månad.

Snikkarbua vår er populær. Her blir det snikra og laga mykje spanande, mykje av gjenbruksmateriell.

Kaptein Sabeltann feirar i år 30-årsjubileum! Og me er med å feira i ekte sjørøvarstil. Me heisar sjørøvarflagget og reiser på tokt. Me skal byggja sjørøvarsrip, laga skattekart, laga «skattekista» over bål og syngja Kaptein Sabeltann-songar.

Språk er eit satsingsområde gjennom heile året. I dialogen, i leiken, ved å syngja, leika med ord og ved å lesa eventyr og bøker. **Språkløyper** er eit satsingsområde hjå oss. Dette er ei nasjonal satsing for å styrkja den språklege kompetansen til alle born, gjennom kompetanseutvikling hjå tilsette i barnehagen. Forsking viser at lesing og samtalar rundt bøker, er bra for språkutviklinga.

Me brukar i tillegg det pedagogiske verktøyet **Grip omgrepa -ein metodikk for å lære omgrep**, aktivt med borna.

Me har **danningsmål** for kvar månad i årsplanen og dannings-omgrepet står sterkt i Regnbogen. Me fokuserer på det å vera ein god ven og det å vera raus med kvarandre. Me er opptekne av å vera gode rollemodellar for borna. Det å vera lydhøyr, gje gode beskjedar og vera i dialog. Å bruka stemma for å gje utrykk for korleis ein har det og snakka fint til kvarandre, om du er glad, sint eller lei deg. At dei lærer å dela og inkludera andre, som ynskjer å vera med i leik, er viktig for borna.

RVTS Vest (ressurssenter for vald, traumatiske stress og sjølvordsførebygging) har i regi av Voss kommune gode kurs, som me har delteke på dei siste åra. Me utviklar god kunnskap når det gjeld å samtala med born og me har no rutine på **startsamta**le med alle nye foreldre.

Rammeplanen har og fokus på korleis me kan bidra til ein betre overgang til skulen. Me fylgjer **Plan overgang Barnehage-Skule**, som er utarbeidd av Voss kommune. Me har gjennom heile året før-skulegruppe for dei eldste borna.

Arsplan er godkjent: Stad/dato: Voss 28. mai 2019

Leiar i SU, Gro Anita Lund Gro Anita Lund

Dagleg leiar Ingebjørg Bryn Høgheim og Ann Helen Grevle

Ingebjørg Bryn Høgheim Ann Helen Grevle

AUGUST 2019



MILJØAGENTANE har sorteringslek med bos

MILJØMÅL: Hugs å merke klede og skor til barnet ditt

DANNINGSMÅL: Vaska hender

SONG: Vil du vere venen min

Vil du vere vennen min? Kom å gje meg
handa di, trallala, trallalei.

Vil du vere vennen min? Så kom å gje meg
handa di, trallala, trallalei.
Boga, boga, boga, boga, boga, eg vil vere
venn med deg!

TEMA: Kroppen min og hygiene

Venskap
Hausting frå naturen



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14 Pl. dag	15 Pl. dag	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

SEPTEMBER 2019



MILJØAGENTANE Plukka bos i nærområdet

MILJØMÅL: Bruke Regnboge-netta ved levering og henting, og hugs handlenett på butikken

DANNINGSMÅL: Vaska hender

SONG: Eg e lit'n eg

Eg e lit'n, men eg vaogar meg.
Eg e lit'n, men eg vaogar meg
Da e ingjen i lagje so rokkar meg,
og di lurvabrok, og di lurvabrok.
Eg ska hengja deg opp på ein oppsingakrok.
Eg e lit'n, men eg vaoga meg.

TEMA: Kroppen min

Gode og vonde hemmelegheiter

Kjensler (glad, sint, lei osv.)

Inne- og utestemme

Dansa til musikk



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
35	ME SKAL	Ha fyrstehjelpsopplæring for små og store					
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18	19	20	21	22
39	23	24 Epledagen	25	26 Fårikaldagen	27	28	29
40	30						

Brannvernveke veke 38

OKTOBER 2019



MILJØAGENTANE Laga papir

MILJØMÅL: Laga mat med råvarer frå haustsesongen

DANNINGSMÅL: Å vera ein god dyrevenn



SONG: Kaptein Sabeltann

Vi seilte fra Karibien og ankret opp i natt,
jeg har hørt et gammelt
rykte om en helt fantastisk skatt
Kaptein Sabeltann, er en farlig mann,
nå kan jeg lukte gull derfor ror vi inn mot land

Hiv og hoi snart er skatten vår,
Så kan vi ta det rolig de neste hundre år
Så kan vi ta det rolig de neste hundre år

TEMA: Kaptein Sabeltann

Skattekjakt

Me lagar rekvisittar til sjørøvarleik og -fest

Partere lam og svi smalahove

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
40		1 Verdens vegetardag	2	3	4 Kanelbollen sin dag	5	6
41	7	8	9	10	11 Verdas eggdag	12	13
42	14	15 Handvaskdagen	16	17 Refleksdagen	18	19	20
43	21	22	23 Grautdagen	24 FN-dagen	25	26	27 Bamsedagen
44	28	29	30	31	ME SKAL	Ha Kaptein Sabeltannfest!	

NOVEMBER 2019



MILJØAGENTANE Førebur seg til jol, laga spel og jolegåver av gjenbruksmaterial

MILJØMÅL: Bytedag (ski og vinterutstyr)

DANNINGSMÅL: Fokus på å redusera matsvinn

SONG: Pinkys sang

Jeg er Pinky.
Det kalles jeg om bord.
Selv om jeg er liten
vil jeg gjerne være stor.
Jeg er Pinky.
Pinky er mitt navn.
Til vanlig er jeg sjørøver
men nå er vi i havn.

TEMA

Kaptein Sabeltann



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
44	ME SKAL	Ha nissefest. Invitere foreldra på jolefrukost.			1	2 Farsdag	3
45	4	5	6	7	8	9	10
46	11	12	13	14 Regnbogen' 14 år! Fest!	15 Pl. dag	16	17
47	18	19	20 Internasjonal barnedag	21	22	23	24
48	25	26	27	28	29	30 Verdas kjøpefrie dag	

DESEMBER 2019



MILJØAGENTANE Til adventskalenderen samlar me inn leiker og klede som me gjev til nokon som treng det

MILJØMÅL: Barnet skriv ynskjelister. Ynskjer barnet seg ei gave som fleire kan gå saman om å kjøpa? Satsar såleis på kvalitet i staden for kvantitet.

DANNINGSMÅL: Dela med andre

SONG: Det lyser i stille grender

(Jakob Sande, 1931)

Det lyser i stille grender
av tindrande ljós ikveld
og tusende barnehender
mot himmelen ljosi held

TEMA: Me steller til jol i huset vårt



Joleverkstad
Joletre
Joleevangeliet
Nissar og nissesprell



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
48	ME SKAL	Ha nissefest. Invitere foreldra på jolefrukost.					1 Fyrste sundag i advent
49	2	3	4	5	6	7	8 Andre sundag i advent
50	9	10	11	12 Lucia	13	14	15 Tredje sundag i advent
51	16	17	18	19	20	21	22 Fjerde sundag i advent
52	23	24	25	26	27	28	29
1	30	31					

Stengt i jola: frå 24.12-01.01 (27. og 30.desember er det stengt)

JANUAR 2020



MILJØAGENTANE Kva er greia med plast?

MILJØMÅL: At borna vert medvitne bruken av plast

DANNINGSMÅL: Å vera høfleg

SONG: Per og vesle Karen

Per og vesle Karen gjekk ein tur på ski.
Møtte vesle haren i ei bjørkeli
Vips, han flaug på skaren,
vekk frå veg og sti.
«Han var redd» sa karen,
«reddare enn vi».



TEMA:

Gjenbruk
Dyrespor
Vinterleik

MÅNDAG		TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
1			1 Fyrste nyttårsdag	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		

FEBRUAR 2020



MILJØAGENTANE Lage islykter

MILJØMÅL: Me slår av motoren på bilen ved levering/henting i barnehagen

DANNINGSMÅL: Å vere hjelpsam

SONG: Snømannen

På bakken låg snøen så kvit og så fin,
hei vi, hei va, hei fallerallela.
Og ungane fekk det travelt, du storaste mi,
hei vi, hei va, hei fallerallera.
Dei bygde ein snømann så høg som så,
så tjukk som så, så tjukk som så.
Hei vi, hei va, hei fallerallera.

TEMA:

Vinterleik
Skileik
Eventyr



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
5	ME SKAL	Ha eventyrfest				1	2
6	3	4	5	6 Samefolkets sin dag	7	8	9 Morsdag
7	10	11	12	13	14 Hjertedagen	15	16
8	17	18	19	20	21 Kongen har bursdag	22	23 Fastelaven
9	24	25	26	27	28	29	

MARS 2020



MILJØAGENTANE Pantetur

MILJØMÅL: Me pantar flaskene, me kastar dei ikkje i naturen.

DANNINGSMÅL: Å halda orden

SONG: Ein liten kylling

Ein liten kylling i eggét låg, den banka og banka og banka på!
Her er så trøngt, eg vil ut og gå! Peip den og ynka seg der
den låg.

Kakk- hakke- hakk! Egget det sprakk
Og ein liten kylling ut av det stakk!

Undrande sto den og gløtta på, alt det den ute i verda såg!
Sola den varma og skein slik på, marka og fuglar og blomar
små
«Pip-pip» den sa, eg er så glad!
Trøngt det var i eggét, men her er det bra!

TEMA: Fuglar

Stjerneskot lagar fuglekasser
Påskeførebuing og -kyllingar



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
9	ME SKAL	Markera Barnehagedagen 2020, Skidag 2020					1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16 Planleggingsdag	17	18	19	20 FN sin lukkedag	21	22
13	23	24	25 Vaffeldagen	26	27	28	29
14	30	31					

APRIL 2020



MILJØAGENTANE

Stjerneskot : Lage insektshotell og vindmøller i papir
Måneljos, Skybrot og Solskin: Raka lauv og laga komposthaug
Kanskje kjem piggsvinet og lagar seg hus?

SONG: Hysj, kan du høyra graset gro?

Hysj, kan du høre graset gro?
Hysj, kan du høre ein meitemakk som lo?
Hysj, kan du høre ei bille som song?
Då skal du seie kvar einaste gong:
Hei, alle insekt og alle små dyr,
alle som krabbar og kravlar og kryr,
eg er eit menneske og eg er snill,
ver i min hage så lenge du vil.



MILJØMÅL:

Arrangere bytefest i Regnbogen

DANNINGSMÅL:

God bordskikk

TEMA: Bøker og leseaktivitetar

Stjerneskot besøker biblioteket



MÅNDAG

TYSDAG

ONSDAG

TORSDAG

FREDAG

LAURDAG

SUNDAG

14			1	2	3 Vossajazz	4	5
15	6 	7 	8 	9 	10 	11 	12
16	13 	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23 Verdas bokdag Ramadan byrjar	24	25	26
18	27	28	29	30	ME SKAL	Planta solsikkefrø og andre fine, humlevenlege blom- og grønsaksfrø	

Påske: 6.-13. april (barehagen er stengt)

Vossajazz 3.-5.april

Ramadan byrjar 23.04, og er fram til 23.05



MAI 2020

MILJØAGENTANE Plukka bos i nærområdet. Laga bos-kunst



MILJØMÅL: Sjekka ut nettsida www.lahumlasuse.no

DANNINGSMÅL: Konfliktløysing

SONG: På Vossevangen der vil eg bu

På Vossevangen, der vil eg bu
 På Vossevangen der vil eg bu,
 der veks det kløver på heia;
 der gjeng kvar ungkar med blanke skor,
 og sylvknapp hev han i trøya;
 der dansar gjenta med band i hår,
 og fletton` radt nedpå marki når, -
 ja tru du meg, eg segjer deg:
 Der er det fagert å leva.

TEMA: Det spirer og gror

Me går på humlevandring
 Nasjonal ryddedag
 Regnbogen og fargane
 Fargane i flagget vårt



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
18	ME SKAL	Delta på nasjonal ryddedag Setje poteter rundt 10.mai			1 FRI	2	3
19	4	5	6	7	8 Frigjeringsdag	9	10
20	11	12	13	14	15 “Mini 17.mai”	16	17
21	18	19	20	21 Kristi Himmelfartsdag	22 Pl. dag	23 Eid al-Fitr ved solnedgang	24
22	25	26	27	28	29	30 Pinseaftan	31 1.pinsedag

JUNI 2020



MILJØAGENTANE Vatner og luker i kjøkkenhagen

MILJØMÅL: Halde naturen fri for bos

DANNINGSMÅL: Seie fine ting til kvarandre



SONG: Det var ein gong ein liten gut

Det var en gong en liten gut som skulde gjete saue
Sauen inn i tjukkarust, guten ute på haugen
So kom der en rev og vilde ha seg eit lamb
Då tok guten børsa si og skaut han midt i baken
- PANG!

TEMA: Kjøkkenhage

Hesjing og gardsarbeid
Stjerneskot tek turen til Mølsterstunet og Hedleberget



	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
23	1 2.pinsedag	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23 Jonsokaftan	24	25	26	27	28
27	29	30	ME SKAL	Ha sommarfest! Sommarreingjering ute og husvask			

JULI 2020



GOD SOMMAR!

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

Barnehagen er stengt i veke 29 og 30.